

Det er ett punkt jeg ønsker endret.

"Innenfor område N1 skal eksisterende Sitkagran fjernast for å opprettholde krava til fri sikt"

I opprinnelig forslag var det kun inntegnet deler av N1 tett opp til sjøveien. Den var grei. Jeg ønsker denne oppdelingen inn igjen.

Grunnen til at mine foreldre planta sitkagrana på 60-tallet er livd mot vinden, som er den kraftigste på Aukra.

Huset mitt vil kunne få problemer med kraftig virvelvind (som jeg husker som barn) og det vil også bli betydelig økt slitasje.

Egentlig skulle huset stå lengre opp, men da var det meningen at veien skulle legges om på 60-tallet, derfor ble det bygget der det er med til dels vanskelige vindtilhøve.

Jeg er neste gang på Aukra 31.10 og 01.11 og kan da ha et møte en av disse dagene med kommunen for å få input om detaljene og status.

Si gjerne fra. Ellers har jeg også ferie i uke 51 og uke 52.

Med vennlig hilsen

Inge Kvalstad



Statens vegvesen

Aukra kommune
Aukraringen 25
6480 AUKRA

Behandlende enhet:
Region midt

Saksbehandler/telefon:
Vidar Neraas / 71274773

Vår referanse:
16/146204-2

Deres referanse:
2012/22-22/L12

Vår dato:
26.10.2016

Uttale til reguleringsplan for Horremsleira friluftsområde – 3. gangs offentlig høring

Statens vegvesen viser til deres oversendelse 22.09.2016.

Statens vegvesen har ansvar for å sørge for at føringer i Nasjonal transportplan (NTP), Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging, vegnormalene og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringer blir ivaretatt i planleggingen. Vi uttaler oss som forvalter av riksveg på vegne av staten, forvalter av fylkesveg på vegne av fylkeskommunen og som statlig fagmyndighet med sektoransvar innenfor vegtransport

Saksopplysninger

Formålet med reguleringsplanen er å regulere deler av Horremsbukta til offentlig friområde samt legge til rette for bruk av strandsona til rekreasjonsformål.

Statens vegvesen har følgende merknader

Våre merknader ved tidligere høring er ivaretatt. Vi har likevel noen merknader til plankartet.

Det følger av planbestemmelse § 8.1 at «*Plankartet viser sone for frisikt. I området mellom frisiktsona og trafikkområda, skal det ikkje plantast eller plasserast noko slik at fri sikt vert hindra (maks høgde 0,5 meter over tilliggande veg). Enkeltstående tre, stolpar og liknande, som ikkje er sikthindrande, kan stå i frisiktsona. Kommunen kan krevje at sikthindrande vegetasjon og gjenstandar vert fjerna.*» Plankartet viser derimot bare frisiktlinjer. For å gi bestemmelsen juridisk virkning må det tegnes inn hensynssoner (skravur) etter tegnereglene.

Planen legger opp til at det skal kunne kjøres på turvegen (TV) frem til parkeringsarealet P2. Vegen bør da reguleres som kombinert formål (SOSI-kode 2900) på denne strekningen.

Postadresse
Statens vegvesen
Region midt
Postboks 2525
6404 MOLDE

Telefon: 02030
firmapost-midt@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Bjørnstjerne Bjørnsons veg 6
6412 MOLDE

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

Konklusjon

Vi ber om at overnevnte innarbeides i plankartet før egengodkjenning av planen.

Plan- og trafikkseksjonen

Med hilsen

Lisbeth Smørholm

Seksjonsleder

Vidar Neraas

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.

Kopi

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Postboks 2520, 6404 MOLDE

Møre og Romsdal fylkeskommune, Postboks 2500, 6404 MOLDE



Aukra kommune
Aukraringen 25
6480 AUKRA

AUKRA KOMMUNE	
SUDD	
Dato	4/17-16
Arkivnr.	L12
Sak. nr.	12/22-27

Aukra kommune

Reguleringsplan Horremsleira friluftsområde

Fråsegn til tredje gongs offentleg ettersyn - motsegn

Fylkesmannen viser til Dykkar brev av 22.09.2016, der reguleringsplan for Horremsleira friluftsområde blir lagt ut til offentleg ettersyn, etter vedtak i Drifts- og arealutvalet den 14.09.2016, sak 31/16. Vi har ut frå våre ansvarsområde følgjande merknader:

Natur- og miljøvern

Føresegnene til reguleringsplanen er justert ein del frå andre gongs offentleg ettersyn. Dei juridisk bindande føresegnene skal i størst mogleg grad vere eintydig og konkret forma slik at ein ikkje opnar for stor grad av skjønn. Av den grunn vil vi påpeike følgjande:

§ 4.1 i føresegnene gjeld naturområde (N1-N5) og er forma slik at det vert opna for skjønn. Formulering «så langt det let seg gjere» sikrar ikkje i tilstrekkeleg grad at den naturlege vegetasjonen i område blir ivaretatt. Vi rår til at «så langt det let seg gjere» blir tatt ut av § 4.

Vi rår elles til at formuleringa i § 4.1 «Innanfor område N3, N4 og N5 er det ikkje tillate å oppføre bygg eller andre permanente konstruksjonar» bør takast ut. Årsaka er at ein med dette opnar opp for tolkingar om at ikkje-permanente konstruksjonar er tillate.

§ 8.3 gjeld bevaring av naturmiljø i H560. I andre avsnitt er det opna for å etablere tiltak i omsynssona. Sjølv om det er presisert at tiltaka ikkje skal vere permanente og ikkje skal skade dei registrerte naturverdiane, finn vi at føresegna opnar for skjønn som kan føre til at naturverdiane blir trua. Vi rår til at § 8.3 sikrar bevaring av dei registrerte naturverdiane, men også at område kan nyttast til bading og andre friluftaktivitetar knytt til sjø. Døme på tekst kan vere: «Innanfor H560 må viktig naturtype sand- og grusstrand og karplanter av særleg stor forvaltingsinteresse bevarast. Område kan nyttast til bading og andre fritidsaktiviteter knytt til sjø».

Konklusjon

Fylkesmannen har motsegn til planføresegnene §§ 4.1 og 8.3 fram til desse på ein eintydig og konkret måte sikrar verdiane i naturområde N1-N5 og bevarer naturmiljøet H560.

Aukra kommune må gjerne ta kontakt dersom det er behov for utdjuping eller anna avklaring kring vår fråsegn.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef - plansamordning

Kristin Eide
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi:

Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde

Merknad til høring for Horremsleira.

Jeg ønsker ikke at det blir tilføyd mer bygningsmasse på området. Det er ødelegger det naturlige bildet på stedet. Det var ønske fra oss at det ble mulighet for strandgjestene å kunne gå på toalett. Men en stor gapahuk og et stort hvitt telt om sommeren ødelegger det vakre, naturlige strandområdet. En bygning til vil skape ennå mer visuell støy.

Det bør ikke tilføyes flere bygninger på området.

Det er ikke nevnt noe om vedlikehold av veien ned til leira. Som grunneier ønsker jeg at det blir avtalefestet at grunneiere ikke har noe ansvar, verken økonomisk eller praktisk, i forbindelse med vedlikehold eller annet vedrørende veien ned til stranda.

Mvh

Kjartan Busk

Email secured by Check Point



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Aukra kommune
Aukraringen 25
6480 AUKRA

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2012/22	22.09.2016	106403/2016/REGULERINGSPLAN/1547	Anders Røyenstrand, tlf. 71 28 02 39	07.11.2016

Aukra kommune - detaljregulering - reguleringplan for Horremsleira friluftsområde - fråsegn ved offentleg ettersyn (3. gong)

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Planfagleg vurdering

Planforslaget er ikkje prinsipielt endra i arealbruken frå 2. gongs offentlege ettersyn, men vi registrerer at bruken av arealformål er justert og forenkla noko. Vi har ikkje for vår del merknader til desse mindre endringane, men saknar konkret omtale av utvida areal for parkering på område P1. Vi kan lese ei grunngiving for dette i kommentar til privat merknad (Asbjørn Windstad) i saksframlegget til Drift- og arealutvalet, denne kan med fordel leggest inn i planomtalen.

Automatisk freda kulturminne

Vi har ingen nye merknader til planforslaget, men rår til at ein i plankartet legg inn påskrift ved bestemmelseområdet for kokegroper Id 160301, slik det var gjort ved førre høyring. Samt sikrar at kulturminnet blir eintydig omtalt i plankart, teiknforklaring og føresegnene §8.2.

Kulturminne frå nyare tid

Ingen nye merknader.

Konklusjon

Vi viser til kommentarar over, og har elles ikkje merknader til eigengodkjenning av planforslaget for Horremsleira.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Anders Røyenstrand
rådgivar

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikke bli utsendt i papir.

Fagsaksbehandler

Automatisk freda kulturminne: Arkeolog Torill Einara Nerbøvik, tlf. 71 25 89 23

Kopi:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Statens vegvesen, Region midt

Kopi: ER OGSÅ SENDT TIL
MILJØAVDELINGA,
FYLKESMANNEN I ME R

Horrem 28.10.16

Aukra kommune
Aukraringen 25
6480 Aukra

AUKRA KOMMUNE
<u>SUNO</u>
Dato _____
Arkivnr. <u>L12</u>
Sak nr. <u>12/22-31</u>

Dykkar ref: 2012/22-22/L12
Saksbehandler: Svein Rune Notøy

«Merknad til planforslaget» «Reguleringsplan for horremsleira friluftsområde. 3. Offentlege høyring»

Denne merknad vil hovudsakeleg dreie seg om sjølve «Bakkefjøra» dvs. arealet frå badestranda (sandstranda) i vest, der kor skiltet med bruksveiledning står, og om lag 150 meter austover til og med elvosen til Bakkeelva, nordaust til graskanten, og i sørvest til lavaste vannstand i Horremsbukta.

Dette arealet er kupert og steinut med vegetasjon inn imellom, ikkje egna til badeliv, og lite egna til ferdsel, men av same grunn, eit særst egna friområde for sjøfugl.

Ei urøyrd fjøre, både til hekking og opphald for tjeld, terne, ærfugl, hegre og andre fuglar, og ein stad kor starrgras, østersurt og andre særreigne fjøreplanter fekk veksa ifred.

Det var helsebot i å sitja her ein summarskveld å kjenne fred og glede ved å sjå fuglane på reir. Tjelden kvart år attende til same stad, og bytast på ruginga, medan maken sank nærings i sjøkanten. Terna som vakta reiret med raske stup mot den som prøvde seg, eller ærfuglen med ungeflokk sin på øving, att og fram i sjøkanten. I graskanten mellom fjøre og mark flaug småfuglane ut og inn. Hegren tålmodig ventande på ein matbit.

Bakkeelva vart etter kvart reinsa for ureint tilsig, og undringa var stor da vi ein dag såg der levde aure under dei framhengande kantane ved utlaupet. Kantane vart seinare «plastr» med stein, Utlauptet vart flytta med gravemaskin, stein er iferd med å losne ut i elva no.

Slik var stoda og livet i Bakkefjøra fram til for om lag 5-6 år sidan. Om lag samstundes som tanken på regulering vart lansert. Eg trur ikkje det var kommunen sin intensjon, men ein brutal omsnuden kom på bana. Grendalaget engasjerte seg sterkt, som dei på eit vis ville framskande prosessen og verke som ein partner til kommunen. Eg trur ikkje, og har heller ikkje høyrte at kommunen skulle vera nokon pådrivar, eller opphav til dette.

Stort partytelt vert plassert på halvårsbasis nær ned til fjøra. Representant for grendalaget baud inn alle og ein kvar til å bruke dette til samankomstar. Det var sikkert gjort i beste meining og utan tanke på hekketid og fugleliv. Barnehagen kunne vandre kring og gjere seg kjend med både egg og reir, likeins skuleavslutning og ymse tilreisande lag. I månadene Mai og Juni, ulike slike lag dagstøtt. Gjerne over 100 gjester og stor trafikk også i fjøra.

Når varmen og godveret kom vart det skipa nattefestar med høgtalarar og tenåringsar som praktiserte flatfyll og bålbreining mellom fjøresteinane. Alt dette har vorte årvisse tradisjonar. Det har aldri vore søkt om løyve eller ordna med vakthald.

Store St.hansbål vert plassert opp mot graskanten og brenn seg kvart år ein meter og meir inn i jordvollen, eit år vart bålet plassert 2 meter frå tjeldreir med egg. (vedlagt bilete) opptil 200 gjestar vandrar kring.

Vi har freista sette opp pinnar ved reira, og lappar med oppmodning om ikkje trø på egga, desse har vorte kasta i søppeldunken, og vi har fått kjeft for å hindre allemansretten. (vedlagt bilete). I mai 2014, i den mest sårbare hekketida vart det utført stort gravemaskinarbeide i Bakkefjóra. Sikkert i beste meining, men til stor skade for fuglar, vegetasjon og natur. Det har i ettertid ikkje vore gjort noko for å rette skaden, heller tvert imot. Til dømes så er flomålet flytta fleire meter oppover grunna dette, samt at graskanten mellom fjøre og mark kvar veke vert snauklipt med plenklippar, noko som gjer at den naturlege barriere ikkje fer gro og festa seg. Plenklippartraktor og kantklippar høyrer ikkje heime i utmark og fjøre. Bålbrenning i graskanten leier og til det same. Sist vår i 2016 var terna borte, og berre eit tjeldepar hekka. Dei fekk heller ikkje klekt egga. Rett før St.hans vart egga fjerna, eg er viss om at det var gjort av folk, der var ikkje spor etter knust skal, pinnane eg hadde plassert rundt var fjerna. Eg veit ikkje kven som gjer slikt. Det ser og ut som nokon fjerna østersurt og vegetasjon som spirar opp om våren, men vert so borte. Norske lover er klare: Reir, egg og fugleungar er verna mot skade, og forstyrring. Det er berre særskilde unntak for skog og landbruksnæring.

Eit råd: gjev ikkje det noverande grendalaget noko ansvar eller mynde i reguleringsområdet. Når det gjeld alvorlig miljøkriminalitet vert saker anmeldt av Norsk ornitologiskforening. Miljøkriminalitet er saker politiet fylgjer opp og tek alvorleg, også på eige initiativ.

Kvar tredje fugleart i Noreg er trua, sjøfuglar er særskilte råka. Når det gjeld allemansretten må ein ha klart føre seg at i den er det innlagt sterk aktsomhetsplikt i fuglane si hekketid.

Vert Bakkefjóra øydelagt, so øydelegg ein samstundes hekkemoglegheitane både for sjøfuglar og andre artar, ikkje berre for ein sesong, men og for framtidige. Likeeins og for verneverdige plantevekstar. Får fjóra fred, kan fuglar og vekstar kome att.

Dersom det no vert slik at reguleringa gjeng i orden og kommunen tek over arealet, lyt ein ha klart føre seg at kommunen er ein skipnad med sterk symbolkraft i høve påverknad av innbygarane sitt natursyn. Noko som vil gjenspegla seg i kommunen sitt omdøme i omverda. Det vil vera å vone at det vert set ein stoppar for denne partyteltverksamda, og friluftssarrangement som St.hans bål og liknande vert flytta til ein høveleg stad for slikt. Kort sagt: at kommunen tek styringa sjølv, og ikkje overlet det til eit tilfeldig grendalag eller liknande.

Når det gjeld Bakkefjóra ville eg ynskje at miljøavdelinga v/fylkesmannen kunne stadfesta ei verneordning på liknande vis som i Hjertvikfjóra med oppslagstavle og informasjon. Dette ser ut til å fungera godt.

Spørsmål: Dersom kommunen meiner dette problem med partytelt, utlån og utleie. Festing, store friluftssarrangement, brot på aktsomhetsplikta, hærverk i fjóra osv, ikkje vedkjem reguleringsplana. Kva avklaring og løysing har då kommunen på desse forhold?

Sitat: «Reguleringa skal leggje til rette for bruk av strandområdet til rekresjonsformål».

Min konklusjon: Reguleringsmakta lyt då og vere ansvarleg for alle konsekvensar dette har for strandområdet, og det tilstøytande miljø og nabolag i ettertid.


E-mail:

kabe@hotmail.no

post: Boks 16, 6481 Aukra

adr: Kongshaugen 4

Horrem



Med venleg helsing
Karstein Breivik

Bruksreglar HORREM BADEPLASS

All parkering må skje på merka og inngjerda parkeringsplass.

Bålbrenning og bruk av åpen eld er ikkje tillate.

Eingongsgrill kan brukast, men grillane plasserast i spesiell avfallsdunk etter bruk.

Vi sett pris på at du som badegjest ryddar etter deg på plassen og toaletta.

Dersom bruksreglane ikkje blir respektert, vil tilkomstveg bli stengd.

Aukra Kommune


Grønnelgarane




← BAKKESJØKØ →

← BADESTRANDA →

PARTYTILT U/ STRANDKANT
+ BALBRET U/ STRANDKANT





↑
BAL

↑
TJELDREIR
M. 2 EGG



KASTET I SØPPELDUNK

Outlook E-post

Last ned Fullskjermvisning Vis e-post





Alvorlig: Det er alvorlig med slike inngrep i ei sone med en helt spesiell vegetasjon, sier reguleringsarkitekt/arealplanlegger Svein Rune Notøy.

Det reageres sterkt mot alvorlige inngrep på Horremsleira. Særegen vegetasjon har gått tapt.

AGNAR GJENDEM

agnar.gjendem@r-b.no

GOSSEN: – Dette er et alvorlig inngrep i ei strandsone med en helt spesiell vegetasjon. Vi kan frykte at mye av dette er gått tapt, sier reguleringsarkitekt og arealplanlegger Svein Rune Notøy i Aukra kommune. Andre mener dette er så alvorlig at det er miljøkriminalitet.

Horremsbukta har ei populær badestrand med gapahuk og toalettanlegg som velforeningen driver. Ingolf Mork var i sin tid en pådriver sammen med kommunen for å bygge anlegget. Horrem og Ny jord grendalag har gjort en stor innsats med flere gode tiltak. Men her har nok iveren tatt overhånd.

Ble rasert. – I arbeid med den nye stranda er alle forekomster av registrerte og sjeldne østersurt trolig blitt fjernet, sier Notøy.

De er ødelagt av gravemaskin og dekt under gruslass ikke så veldig langt fra elva. Østersurt er ei plante i rubladfamilien som trives spesielt godt i strandområder.

Ikke varslet. Det er fem grunneiere til selve stranda, de er ikke varslet om det store tiltaket. Det samme gjelder for kommunen som jobber med plan for Horremsleira og fylkesmannen som har området inne på sitt planverk som veldig aktuelt verneområde.

– Både kommunen og fylkesmannen ser svært alvorlig på tiltaket. Ordfører og rådmann er varslet og fylkesmannen er koplet inn. Det er de som overvåker slike naturtyper og har den nødvendige kompetansen. Vi er i arbeid med reguleringsplan, der vi er bedt om å ta spesielle hensyn til naturtyper som stranda har, sier Notøy.



Inngrep: Omfattende gravearbeid på Horremsleira uten at grunneiere eller kommunen var kjent Horremselva.

Uvitende. Kommunen har hentet inn dokumentasjon, og dem som er ansvarlig for tiltakene må ta sitt ansvar.

De har også vært i kontakt med representanter for de fem grunneierne, som var uvitende om tiltaket. Styret i Horrem og Ny jord grendalag skal heller ikke ha behandlet sak om utbedringer.

Gyteelv. Horremselva er trolig den eneste elva på Gossen som har gytebestand av aure. Til tross for pålegg om å rådføre seg med fagfolk, ble det ifølge grunneiere også uført omstridt arbeid i elva som er et viktig gyteområde for aure. Dette skjedde et par år tilbake i tid.

Tas alvorlig. – Vi vil ta stilling til hvorvidt saka er graverende



I arbeid: Gravemaskin var sist helg i ferd med å flytte steiner, etter oppdrag fra Horrem og Ny jord grendalag.

FOTO: AUKRA KOMMUNE

nok til at dette blir anmeldt. Ut fra det jeg har sett og blitt informert om, er dette graverende;

rådmann Dagfinn Aasen. Han innser at mye er ødelagt langs stranda.

Kopi

NOTAT PR. NOVEMBER 2016:
GRENDA LA GET HAR KUNNE IKKJE
GJORT NOKD FOR Å BOTE PÅ SKADEN.

Styret for Horrem og Ny-Jord Grendalag
v/Arne Nautnes
Horrem
6480 Aukra

TVERT OM

Kopi
Aukra kommune v/ Svein Rune Notøy
Miljøavdelinga, Fylkesmannen i M&R, v/Ulf Lucassen

Oppretting av tiltak på Horremsleira utført av Horrem og Ny-Jord Grendalag

Ved sjølvsyn og artikkel i RB har underskrivne eigarar av strandsona på Horrem, til dagleg kalla Horremsleira, sett at det er gjort omfattande masseforflytting av stein, grus og sand på vår eigedom. Masseforflyttinga vart utført i tidsrommet 24.-26. mai med bl.a gravemaskin.

I brev av 29.05. d.å. til grunneigarane innrømmer styret i grendalaget, underskrive av 5 personar, at *".. tiltaket er gjort på disse hovedbrukenes felles eiendom, og da uten at disse hovedbrukene er blitt forespurt/kontaktet på forhånd .Styret beklager situasjonen."*

Underskrivne grunneigarar er skuffa over at styret for grendalaget i brevet eller på annan måte ikkje har teke kontakt for å få diskutert korleis ein kan rette dei inngrepa og endringane som er gjort på naturen på vår eigedom i strid med eigaranes interesser, kommunale og fylkeskommunale planar for området.

Vi må derfor med dette sette krav til Horrem og Ny-Jord grendalag ved styret om at

- Den berørte delen av Horremsleira blir ført tilbake til opprinneleg tilstand.
- Arbeidet må gjerast etter planar utarbeidde av kommunen og miljøvernavdelinga på Fylket og godkjend av grunneigarane.
- Oppretting av tidlegare utført arbeid i regi av grendalaget som gjeld øydelegging av gyteelev for aure og forekomst av østersurt må vere ein del av planen.
- Starttidspunkt og arbeidsmåte må godkjennast av grunneigarane.
- Kostnadar for å få planlagt og tilbakeført Horremsleira til opprinneleg tilstand er oss ivedkommande og eit ansvar for grendalaget.

Vi må også be om at Horrem og Ny-Jord grendalag respekterer inngåtte avtalar som gjeld bruk av og parkering på dyrkamark på vestsida av tilkomstvegen mot stranda.

G.NR. 3 DR. NR. 3 Arstjind Anette Kragroth Breivik
G.NR. 3 DR. NR. 7. Markan Børge, Gaurhild Wærstedt
G.NR. 3 DR. NR. 1,2 Solve Starheim
G.NR. 3 --- 5 Raymond Nelandsen

Aukra, 5. juni 2014

STEIN LOSN ARE

V/ KLVBPLBRTKUNQ

